

VARSLINGSPLAN VED ALVORLEGE ULUKKER

Ei stor ulukke i bedrifta krev samordning og full utnytting av eigen beredskap, i samarbeid med profesjonelt/eksternt hjelpeapparat.

Ein slik situasjon er ei skremmande oppleving. Personar sitt liv og helse, i tillegg til store materielle verdier kan stå på spel.

Alle i bedrifta skal ha informasjon om organiseringa av ein ulukkessituasjon, og vere klar over varslingsplanen.

VARSLING:

- Nødvendig hjelpemannskap varslast fyrst:
 - ♦ **Nødnummer: 110 – brann, 112 – politi, 113 – ambulanse**
- Den som oppdagar / er involvert i hendinga varslar leiinga, som har ansvar for vidare varsling:
- Leiinga skal:
 - ♦ Varsle pårørande, liste over pårørandes namn og telefonnummer finst tilgjengeleg
 - ♦ Dersom ulukka har ført til dødsfall, skal krisegruppa trekkast inn. Eventuelt også kommuna sitt kriseteam.

Bedriftas leiing har også ansvar for å varsle om alvorlege ulukker til:

- Arbeidstilsynet
- Forsikringsselskap
- Nav

Informasjon til media:

Det er kun leiinga som informerer media.

I samarbeid med helsepersonell bør det vurderast oppfylggingstiltak: Krisehjelp for dei som er involvert i ulukka, tilbod om krisehjelp til pårørande og ikkje minst legge tilhøva til rette for tilsette når dei kjem tilbake i jobb etter ei alvorleg hending.